



Skårhaug-bygningen slik han såg ut før restaureringa.

**- Svært vellukka, seier mange om nyhuset til Kari Isdal og Kjetil Myklebust. Men eigentleg er ikkje huset nytt. For kjerna er det sekelgamle huset på garden Skårhaug. Det har berre fått ny drakt og har vorte dobbelt så stort.**

Paret kjøpte Skårhaug for omkring 10 år sidan etter å ha leigd staden sidan 1990. Når ein skogteig i Kleivadalen blir rekna med, er det eit bruk på 30 mål. Jorda blir pakta av Magne Huglen på Dønhaug.

Stova var godt buande, men etter kvart vart det naudsynt å ta ei avgjerd: Skulle dei riva det gamle huset og byggja heilt nytt der løa står i dag, eller var ein kombinasjon mogeleg? Arkitekt Arne Hjelmeland på Husnes fekk frie hender og utkastet han kom med for ein samanknytting av det gamle og det nye var så godt at Kari og Kjetil sa ja med ein gong.

Løysinga gjekk ut på at heile gamlehuset vart fletta inn i det nye, den einaste endringa var at ein vegg vart fjerna. Det nye huset er 8,5 meter lengre enn det gamle. Medan gamlehuset var 80 kvadratmeter, er det nye dobbelt så stort.

Ikkje minst er det fint at den gamle tømmerpanelen i spisestova lever vidare i det nye huset.

- Den løysinga vi kom fram til er litt billigare enn om vi skulle ha satse på eit heilt nytt hus, seier Kjetil. Bygginga starta i 2005 og sommaren 2006 var jobben gjort. Kjetil er elektrikar og arbeider i Nordsjøen. Han har gjort mykje sjølv.

Det er også eit godt poeng at byggherren i dette tilfelle ikkje gjekk utanfor Uskedalen for å få tak i folk. Eilif Myklebust tok seg av røyreleggjararbeidet, alle materialene vart levert frå Byggeriet, Arne Haugland sørnga for gravearbeidet og duoen Bjarte Eik/ Trond Johannes Myklebust snikra.

Alle partar har sin del av æra for at familien på fem stortrivs i det nygamle huset. Dei tre borna som også har fått finare hus er Thomas på 16, Karoline på 10 og Anders på to år.

**Av Ola Matti Mathisen**



Skårhaug-bygningen i 2007. (Foto: Ola Matti Mathisen)